



Sund kommune

Konkurransesgrunnlag

Kjøp av møblar og inventar til Spildepollen skule

Open tilbodskonkurransse etter del I og II i forskrifta

Saksnr. 19/218

Innhold

1	OM OPPDRAGSGJEVAREN	4
2	DOKUMENT	4
2.1	OM OPPBYGGINGA.....	4
2.2	DEL 1.....	4
2.3	DEL 2.....	4
3	OM ANSKAFFINGA	4
3.1	BAKGRUNN OG VISJON.....	4
3.2	FØREMÅL OG INNHOLD	5
3.3	KONTRAKTSTYPE OG OMFANG	5
3.4	PARALLELE TILBOD	5
4	KONKURRANSEGJENNOMFØRING	5
4.1	KUNNGJERING.....	5
4.2	REGELVERK OG ANSKAFFINGSPROSEDYRE.....	5
4.3	FRAMDRIFTSPLAN	6
4.4	TILBODSSYNFARING/TILBODSKONFERANSE.....	6
4.5	SPRÅK	6
4.6	KOMMUNIKASJON	7
4.7	TILBYDARS DELTAKINGSKOSTNADER.....	7
4.8	SPØRSMÅL TIL KONKURRANSEGRUNNLAGET	7
4.9	RETTING, ENDRING OG/ELLER SUPPLERING AV KONKURRANSEGRUNNLAGET.....	7
4.10	ALTERNATIVE TILBOD.....	7
4.11	DELTILBOD	8
4.12	TILBAKAKALLING AV TILBOD.....	8
4.13	RETUR AV TILBOD	8
5	SÆRLEGE KONTRAKTSVILKÅR	8
6	KONFIDENSIALITET OG OFFENTLEGHEIT	8
6.1	KONFIDENSIALITET	8
6.2	OFFENTLEGHEIT	8
7	KRAV TIL TILBODET	9
7.1	TILBODSFRIST.....	9
7.2	VAREPRØVER	9
7.3	FORMKRAV OG STRUKTUR	9
8	KVALIFIKASJONSKRAV	11
8.1	OM KVALIFIKASJONSKRAVA.....	11
8.2	BRUK AV UNDERLEVERANDØRRAR/SAMARBEIDSPARTNARAR	11
8.3	LEVERANDØREN SI ORGANISATORISKE OG JURIDISKE STILLING	11
8.4	LEVERANDØREN SIN ØKONOMISKE OG FINANSIELLE KAPASITET	12
8.5	DEI TEKNISKE OG FAGLEGE KVALIFIKASJONANE TIL LEVERANDØREN.....	12
9	TILDELINGSKRITERIUM	13

10	EVALUERING OG AVSLUTNING AV KONKURRANSEN.....	13
10.1	EVALUERING.....	13
10.2	AVVISING AV TILBOD	14
10.3	AVLYSING AV KONKURRANSE.....	14
10.4	MELDING OM VAL AV LEVERANDØR(AR)	14
10.5	KLAGE	14

1 Om oppdragsgjevaren

Oppdragsgjevaren er Sund kommune. For meir informasjon, sjå <https://www.sund.kommune.no>

2 Dokument

2.1 Om oppbygginga

Konkurransegrunnlaget er delt i to delar. Del 1 inneheld dokument knytt til gjennomføring av konkurransen. Del 2 inneheld kontrakt med vedlegg.

2.2 Del 1

VEDLEGG	INNHALD
	Konkurransegrunnlag (dette dokumentet)
Vedlegg 1	Mal tilbodsbrief
Vedlegg 2	Mal eigenerklæring teieplikt
Vedlegg 3	Mal tilbydars atterhald og avvik
Vedlegg 4	Mal forpliktingserklæring
Vedlegg 5	Referanser

2.3 Del 2

BILAG	INNHALD
	Avtaledokument
BILAG 1	Spesifikasjon av ytelsen
BILAG 2	Produkt- og prisliste
BILAG 3	Plan for møbleringa
BILAG 4	Administrative reglar
BILAG 5	Endringar i den generelle avtaleteksten

3 Om anskaffinga

3.1 Bakgrunn og visjon

Det vert bygd ny skule i Spildepollen for elever frå 1. – 7. klasse. Glesnes og Telavåg skule skal leggjast ned i oktober 2019. Pollen skule er nedlagt, og elevane vart flytta til Skogsvåg skule. Når den nye skulen i Spildepollen står ferdig blir den nærskule for elever frå Glesnes, Telavåg og deler av tidlegare Pollen krins.

3.2 Føremål og innhald

Anskaffinga gjeld levering og montering av inventar til Spildepollen skule, oppfølging i garantiperioden, og suppleringskjøp med tilgang til reserve- og slitedelar. Anskaffinga omfattar både tradisjonelle skulemøblar og møblar til administrasjon og arbeids- og møterom for tilsette.

Vidare gjeld opsjon på leveranse av møblar til 4 nye klasserom på Stranda skule.

For meir informasjon om innhaldet vert det vist til del 2 bilag 1 Spesifikasjon av ytinga, bilag 2 Produkt og prisliste og del 2 bilag 3 Plan for møblering.

3.3 Kontraktstype og omfang

Anskaffinga er estimert til å omfatte varer på mellom 1,3 og 1,6 MNOK eks. mva. Dette inkluderer opsjonar.

Det vil bli inngått avtale på varekjøp med ein leverandør per deltilbod (jf. pkt. 4.5), maksimalt to leverandørar.

3.4 Parallele tilbod

Sund kommune gjer tilbydarane merksam på at dei kan setje saman fleire ulike produktpakkar. Dei ulike produktpakkane vil då sjås som parallelle tilbod som evaluerast separat.

Oppdragsgivar vil ikkje kunne velje produksamansetjingar på tvers av dei ulike parallelle tilboda.

Sjå punkt 7.3.4 for framgangsmåte.

4 Konkurransgjennomføring

4.1 Kunngjering

Konkurransen er sendt for kunngjering i DOFFIN-databasen (www.doffin.no) på dato angitt under pkt. 4.3. Oppdragsgjevar administrerer denne anskaffinga/konkurransen gjennom konkurransegjennomføringsverktøyet Mercell.

4.2 Regelverk og anskaffingsprosedyre

Anskaffinga vert gjort etter gjeldande lov 17. juni 2016 nr. 69 om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven) og forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA) del I og II. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open tilbodskonkurranse jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er

mottatte, vurderer det som formålstenleg. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

Leverandøren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt i kommunikasjonsmodulen i Mercell.

4.3 Framdriftsplan

Oppdragsgjevaren har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

AKTIVITET	DATO	TIDSPUNKT
Kunngjering sendt for publisering i Doffin	06.02.2019	
Frist for spørsmål til konkurransegrunnlaget	22.02.2019	
Tilbodsfrist	06.03.2019	12.00
Tilbudsevaluering	Veke 11-14	
Melding om tildeling	09.04.2019	
Karensperiode utløp	19.04.2019	23.59
Signering kontrakt / rammeavtale	30.04.2019	
Vedståelsesfrist	30.06.2019	

Framdrift etter tilbodsfristen er tentativ og endringar kan gjerast.

4.4 Tilbodssynfaring/tilbodskonferanse

Det vil ikkje haldast tilbodssynfaring/tilbodskonferanse.

4.5 Språk

Alle dokument og all kommunikasjon som omhandlar denne konkurransen skal vera/gå føre på norsk. Det same kravet også vil gjelde i gjennomføringa av kontrakten.

4.6 Kommunikasjon

Kommunikasjon skal skje gjennom Merccell på eit av dei språka som er angjeve for konkurransen, jf. pkt. 4.5.

4.7 Tilbydars deltakingskostnader

Kostnader som tilbydaren pådrar seg i samband med utarbeiding, levering, og oppfølging av førespurnader om deltaking og tilbod vil ikkje bli refundert.

Dette gjeld også for kostnader i samband med utlån av vareprøver.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikta oppdragsgjevaren til å inngå kontrakt med leverandør, eller involvera oppdragsgjevaren i økonomiske forpliktingar.

4.8 Spørsmål til konkurransegrunnlaget

Eventuelle spørsmål til konkurransegrunnlaget må stillast innan oppgitt frist i pkt. 4.3, og vere i tråd med reglane for kommunikasjon i pkt. 4.6.

Dersom tilbydaren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, kan han skriftleg be om tilleggsopplysingar frå oppdragsgjevar innan fristen oppgitt i pkt. 4.3 i tråd med reglane for kommunikasjon i pkt. 4.6.

Dersom det vert oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette vert formidla innan fristen oppgitt i pkt. 4.3 i tråd med reglane for kommunikasjon i pkt. 4.6.

Alle spørsmål vil bli svart på i anonymisert form og gjort tilgjengeleg for alle i Merccell i god tid før utløp av tilbodsfristen. Alle spørsmål i tilbodsfasen vil bli distribuert til tilbydarane som har blitt invitert til å delta i konkurransen.

4.9 Retting, endring og/eller supplering av konkurransegrunnlaget

Innan utløp av tilbodsfristen kan oppdragsgjevaren gjera rettingar, suppleringar og/eller endringar i konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege.

Rettingar, suppleringar eller endringar vil tilgjengeleggjerast for alle i Merccell.

Dersom oppdragsgjevaren vurderer at det er naudsynt med utvida tilbodsfrist grunna rettingar, endringar og /eller suppleringar vil dette kommuniserast til alle i Merccell.

4.10 Alternative tilbod

Det vil ikkje opnast for levering av alternative tilbod i konkurransen.

Sjå pkt. 3.4 om parallelle tilbod.

4.11 Deltilbod

Det er høve til å gi tilbod på delar av oppdraget. Anskaffinga omfattar deltilboda:

1. Skulemøblar
2. Møblar til administrasjon m.m.

Innanfor dei ulike deltilboda må tilbodet dekke alle dei oppgitte varelinjene.

4.12 Tilbakekalling av tilbod

Tilbod kan endrast fram til tilbodsfrist.

4.13 Retur av tilbod

Oppdragsgjevar vil ikkje returnere innsendte tilbod.

Unntak vert gjort for vareprøvar (sjå pkt. 7.3.5).

5 Særlege kontraktsvilkår

Sjå utkast til kontrakt tatt inn i del 2.

6 Konfidensialitet og offentlegheit

6.1 Konfidensialitet

Informasjon som partane blir kjent med i samband med konkurransen og gjennomføringa av kontrakten skal behandlast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre parten. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som følgjer av forvaltningsloven, jf. lov 10. februar 1967 eller tilsvarande sektorspesifikk regulering, samt etter offentleglova, sjå pkt. 6.2 under.

6.2 Offentlegheit

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og anskaffingsprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentleglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikt i lov eller i medhald av lov, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningsloven § 13. Tilbydarane skal levera ei oversikt over kva opplysningar dei meiner er unntatt innsyn, samt signera

eigenerklæring på at oppdragsgjevaren er fritatt frå teieplikt i forhold til opplysningar som ikkje er særskild identifisert som teiepliktige i tilbydaren si opplisting. Mal for dette er vedlagt i del 1 vedlegg 2 Eigenerklæring teieplikt, jf. pkt. 2.2.

Ved krav om innsyn skal oppdragsgjevaren gjera ei konkret og sjølvstendig vurdering av kor vidt opplysningane tilbydaren har lista opp er av ein slik art at oppdragsgjevaren pliktar å nekta innsyn, jf. offentleglova § 29.

Oppdragsgjevaren er pålagt å følgje prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

7 Krav til tilbodet

7.1 Tilbodsfrist

Tilbodet skal leverast elektronisk via Mercell portalen, www.mercell.no seinast innan utløp av tilbodsfristen. Tilbodsfristen går fram av tabellen under pkt. 4.3. Er du ikkje bruker hos Mercell, eller har spørsmål knytt til funksjonalitet i verktøyet, til dømes korleis du skal gi tilbod, ta kontakt med Mercell Support på tlf. 21 01 88 60 eller på e-post til: support@mercell.com. Det tilrådest at tilbodet leverast i god tid før fristens utløp.

Tilbodsfristen er absolutt. For seint innkomne tilbod vil bli avvist.

Tilbydarane ber all risiko for feil eller forseinkingar i sendinga.

7.2 Vareprøver

Vareprøver skal leverast etter avtale, på to dagars varsel. Vareprøvene kan leverast ved hjelp av bod eller ved personleg oppmøte til adressa under:

Telavåg skule
Voa 16
5380 Tælavåg
tlf. 56 32 77 20

Etter avtale er signert må tilbydar sørge for å hente sine vareprøver på same adresse som nemnt over.

7.3 Formkrav og struktur

7.3.1 Generelt

Tilbydaren er sjølv ansvarleg for at alle kvalifikasjonskrav, tildelingskriterium og andre krav i konkurransen er svart på og dokumentert.

7.3.2 Formkrav

Tilbudet skal leverast elektronisk i Merccell.

7.3.3 Innhald og struktur

Tilbudet skal bestå av dei element som er oppført i del 1 vedlegg 1 Mal tilbodsbrief.

7.3.4 Formkrav til parallelle tilbod

Dersom tilbyder ynskjer å levere fleire produktpakkar som parallelle tilbod er det tilstrekkeleg å fylle ut ein versjon av bilag 1 og bilag 2 per tilbodspakke. Desse skal tydeleg merkast med eigne namn, som "Pakke 1", "Pakke 2" osv.

7.3.5 Vareprøvar

Det skal leverast vareprøvar frå følgende produkt som utgjer den mest vesentlege delen av anskaffinga:

Linjenr.	Namn
1.1	Elevstol (småskoletrinn)
1.2	Elevstol - (mellomtrinnet)
1.4	Elevbord enkelt
2.1	Kontorstol - Administrasjon
2.2	Kontorstol - Lærer
2.3	Møteromsstol
2.5	2 stk. Stol - Kantine og stablestol SFO
2.7	2 stk. Stol – Hall (stablestol i plast)
2.10	Arbeidsbord – lærar b
2.19	Bord - hall
2.29	Krakk/ stol for lærar

Dersom oppdragsgjevar finn behov for det kan oppdragsgjevar be om ytterlegare vareprøvar.

Alle vareprøver skal merkast godt med storleik og varedeklarasjon, men utan tilbydars namn/logo, slik at anonymiserte undersøkingar kan gjennomførast. Det skal være mogleg for oppdragsgjevar å gjera evaluering av innsendte vareprøver utan at merkenamn og leverandørnamn påverkar evalueringa.

Dersom same vare vert tilbydd på fleire varelinjer skal dette vera tydeleg ut frå merkinga, eks. "Stol varelinje 2.5 og 2.7".

Hugs at det også skal leverast vareprøver for evt. parallelle tilbod.

Det vil ikkje gjennomførast varmetestar, materialtestar eller andre testar som vil skade vareprøvene.

Sjå pkt. 4.7 for informasjon om dei økonomiske forpliktingane i samband med vareprøvene.

8 Kvalifikasjonskrav

8.1 Om kvalifikasjonskrava

Kvalifikasjonskrava er absolutte krav. For å kunne få tilbudet evaluert må leverandøren levere etterspurd dokumentasjon på at han oppfyller kvalifikasjonskrava. Manglande oppfylning av kvalifikasjonskrav vil medføre avvising frå konkurransen, jf. FOA § 9-5.

8.2 Bruk av underleverandørar/samarbeidspartnarar

Ein leverandør kan støtta seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet og tekniske og faglege kvalifikasjonar.

Dersom leverandøren støttar seg på andre skal tilbudet innehalda signert forpliktingserklæring, samarbeidsavtale eller liknande som stadfestar at leverandøren vil ha rådvelde over dei naudsynte ressursane. Mal for forpliktingserklæring er vedlagt, del 1 vedlegg 4, jf. pkt. 2.2.

TYPE DOKUMENTASJON FRÅ UNDERLEVERANDØR	KOMMENTAR
Forpliktingserklæring/samarbeidsavtale	Sjå del 1 vedlegg 4.
Dokumentasjon på oppfylning av dei kvalifikasjonskrava tilbydaren støttar seg på underleverandør for å oppfylla.	Gjeld berre dei kvalifikasjonskrava som leverandør støttar seg på underleverandør for å oppfylla. Skal dokumenterast saman med tilbudet.

8.3 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<ul style="list-style-type: none"> Firmaattest. Skal dokumenterast saman med tilbudet.

8.4 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha god økonomisk og finansiell kapasitet relatert til storleik på og risiko i aktuelle kontraktene.	<ul style="list-style-type: none"> • Erklæring om verksemda si omsetjing dei siste tre rekneskapsåra. • Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd. <p>Skal dokumenterast saman med tilbodet.</p>

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgivar ser som eigna.

8.5 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren skal ha god erfaring frå oppdrag som kan samanliknast.	<p>Skildring av leverandøren sine relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra. Skildringa må inkludere opplysningar om:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Namn og kontaktinformasjon oppdragsgjevar • Kontraktsverdi og omfang • Tidspunkt (frå/til) • Kort skildring av leveransen. <p>Skal dokumenterast saman med tilbodet – vedlegg 5.</p>
<p>Leverandøren skal ha tilfredsstillande rutinar for kvalitetssikring og sporbarheit av dei produkta som omfattast av tilbodet</p> <p>Med kvalitetssikring vert bedrifta si dokumenterte rutinar for å sikre at kontraktsfesta kvalitet oppretthaldast i produksjon og leveransar, under dette kvalitetskontroll, avvikshandtering og reklamasjonshandtering av produkta. Med sporbarheit vert meint bedrifta sine dokumenterte rutinar for å sikre høve til å spore</p>	<p>Utgreiing for eksisterande rutinar som dokumenterer at kravet er oppfylt.</p> <p>Viss dette er beskrive i verksemda sitt kvalitets- eller miljøleingsystem etter ISO 9001, ISO 14001 eller tilsvarande 3. partsverifiserte system, er gyldig sertifikat tilstrekkeleg dokumentasjon.</p> <p>Skal dokumenterast saman med tilbodet.</p>

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
og følgje eit produkt og komponentane i produktet gjennom alle ledd frå råvareuttak via produksjon, omarbeiding, samansetjing og distribusjon fram til brukarar.	
Tilbyder må være medlem av materialselskapa sine ordningar (Grønt punkt) eller være tilknytt eller sjølv drive anna tilsvarende godkjent ordning for innsamling og gjenvinning av emballasjeavfall.	Kopi av medlemskapsbevis for Grønt punkt eller annan dokumentasjon på at tilbyder oppfyller kravet. Skal dokumenterast saman med tilbodet.

9 Tildelingskriterium

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på desse kriteria angitt i prioritert rekkjefølgje:

KRITERIUM	KRAV TIL DOKUMENTASJON	VEKT
Produktkvalitet	<ul style="list-style-type: none"> - Svar del 2 bilag 1 - Svar del 2 bilag 2 - Innleverte vareprøver (vert spesielt vektlagt) <p>Funksjonalitet/brukervenlegheit, ergonomi, reinhald, kvalitet/levetid, utforming/design, tekstilar, og innhald av farlege stoff ville bli vurdert ved ei evaluering av vareprøvar og evaluering av leverandøren si skildring i bilag 1 og 2 med vedlegg (ev. brosjyrar med oversikt over materialval og tilgjengelege fargar).</p> <p>Ei faggruppe samansett av oppdragsgjevar vil vurdere kvaliteten. Faggruppa er ikkje møbelfaglege ekspertar, og evalueringa vil derfor bli evaluert frå eit brukarperspektiv.</p>	60 %
Tilbodspris	Svar i del 2 bilag 2.	40 %

10 Evaluering og avslutning av konkurransen

10.1 Evaluering

Evaluering vil skje på grunnlag av innlevert skriftleg dokumentasjon.

Evalueringa vil skje slik at det beste tilbudet under kvart tildelingskriterium vil få beste score. Andre tilbud vil tildelast score etter relative avvik frå det beste tilbudet.

Dersom tilbyder leverer parallelle tilbud i tråd med pkt. 3.4 og 7.3.4 vil desse bli evaluert som fullverdige separate tilbud.

10.2 Avvising av tilbud

Avvisingsreglane i FOA § 9-6 gjeld. Tilbydarane vert oppmoda om å gjera seg kjent med desse.

10.3 Avlysing av konkurranse

Oppdragsgjevaren har rett til å avlysa konkurransen ved sakleg grunn, jf. FOA § 10-4 (1). Som sakleg grunn vert rekna m.a. bortfall av planlagt finansiering, manglande godkjenning frå politisk hald og manglande konkurranse.

10.4 Melding om val av leverandør(ar)

Etter at val av leverandør(ar) er gjort vil alle «berørte leverandørar» informerast skriftleg om dette.

Meldinga vil innehalda namn på kven som er tildelt kontrakt samt ei reiegjering for eigenskapar og relative fordelar ved det valde tilbudet i samsvar med tildelingskriteria, jf. FOA § 10-1.

Meldinga vil også innehalda tidspunkt for utløp av karensperioden.

10.5 Klage

Tilbydarar kan klaga på val av leverandør.

Dersom oppdragsgjevaren finn at tildelingsavgjerda ikkje er i samsvar med tildelingskriteria kan tildelingsavgjerda annullerast fram til kontrakt er signert.